

Pressemelding
18. november 2015

Fleirspråklegheit blir neglisjert i skulen

Det viser Språkrådets nye landsdekkjande undersøking blant elevar og lærarar i grunnskulen. Mange elevar kan fleire språk, men dette blir ikkje utnytta fullt ut i timane trass i at fleirspråklegheit er omtalt som ein ressurs i gjeldande utdanningspolitiske styringsdokument.

På oppdrag frå Språkrådet og *MultiLing – Senter for fleirspråklegheit ved Universitetet i Oslo* er bruken av språk i skulen undersøkt. Undersøkinga, som heiter «Rom for språk?», retta seg mot elevar og lærarar på 5.–6. og 9.–10. årssteg over heile landet.

Undersøkinga viser at to av tre lærarar ikkje har hatt fleirspråklegheit som emne i undervisninga. Dei fleste lærarane har heller ikkje planar om slik undervisning. Dette står i kontrast til det språklege mangfaldet som er dokumentert i undersøkinga. Her går det fram at ein av tre elevar har eit fleirspråkleg heimemiljø. Resultata viser òg at det er mykje bruk av andre språk enn norsk i friminutta. Engelsk dominerer, men elevane nemner òg arabisk, fransk, kurdisk, somalisk, spansk, tysk og vietnamesisk. I tillegg til dei tradisjonelle framandspråka i skulen finn vi altså nokre av minoritetsspråka i Noreg på denne lista.

- Språkleg mangfald er ein ressurs i utviklinga av språkkompetansen til born og unge. Men denne ressursen blir altså ikkje utnytta av alle lærarane. Denne usynleggjeringa av fleirspråklegheit er problematisk. Skulen skal reflektere det samfunnet vi har, ikkje minst det språklege mangfaldet, seier rådgjevar i Språkrådet Ingunn Indrebø Ims.

Slang på engelsk dominerer

Når elevane blir bedne om døme på innslag frå andre språk som dei bruker i lag med venner, nemner dei først og fremst engelske ord og uttrykk, som «yes», «oh my god», «bitch», «I don't know», «cool shit», «what's up», «by the way» og «nice». Forkortinger som «omg», «lol», «yolo» er òg mykje nytta.

Meir språk tidlegare

I undersøkinga seier elevane at dei ønskjer å kunne bruke andre språk enn norsk oftare i skulekvardagen. Dette gjeld særleg elevar på 5. og 6. steg.

- Vi meiner at dette bør få følgjer for læreplanane og kompetansemåla i framtida. Elevar i grunnskulen bør få undervisning i fleire språk enn norsk og engelsk tidlegare enn dei gjer i dag. Forsking viser at det styrkjer den språklege læringsevna å ta i bruk fleire språk tidleg, seier Indrebø Ims.

Kontakt

Anne Kirkhusmo, kommunikasjonssjef i Språkrådet, tlf. 416 74 135
Ingunn Indrebø Ims, rådgjevar i Språkrådet, tlf. 474 49 354